



# Møtebok

Sak nr 19/2009

Møtedato: 6.5.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S 663

## S 663, Bjørnhøvd – søknad om løyve til oppføring av sel

Åshild Reien har tidlegare søkt om å få føre opp eit ca 20 m<sup>2</sup> (BYA) stort tilbygg til selet. Søknaden vart behandla i sak 45/08 og 12/09. Reien fekk ikkje godkjent søknaden og søkjer no om å føre opp eit mindre tilbygg på 6 m<sup>2</sup> på selet. Tilbygget skal brukast til vaskerom og nærare grunngjeving for søknaden går fram av søknad datert 25.3.09. Søkjaren gjer også merksam på riving av tidlegare areal 20 m<sup>2</sup> ikkje vart gjort på 1970-talet, men på 1990-talet.

I følgje stølsregistert er på stølen eit sel på 86 m<sup>2</sup> (BYA), dette tilsvarar 77 m<sup>2</sup> (BRA).

Stølen blir brukt til beite og slått ved eige drift og skal behandlast etter § 13 i stølsforskrifta:

*Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.*

*Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.*

Statskog frårådar søknaden i brev datert 29.4.09. Tilrådinga er grunngjeven med at Statskog meiner at eksisterande sel kan byggjast om til dei nye funksjonane.

Oppland fylkeskommune har ikkje gjeve uttale til den aktuelle søknaden.

Til møtet presenterte Reien eit framlegg om å redusere breidda på gangpartiet frå 6 til 5 meter. Søknaden er redusert mot tidlegare behandlingar og gjeld no søknad om å få føre opp eit litt større gangparti og ikkje utviding av hovuddelen av selet. Søknaden om ekstra areal er med redusert breidde på gangen, redusert frå 6 m<sup>2</sup> til 3 m<sup>2</sup>. Med dei korrigererte måla gjeld søknaden ei utviding av arealet frå 86 til 89 m<sup>2</sup> (BYA), dette svarer omtrent til 80 m<sup>2</sup> (BRA).

### Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskriftene.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Einstemmig vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 15.5.09

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Åshild Reien  
Statskog  
Oppland fylkeskommune  
Vestre Slidre kommune